

Reglement for Kvam valnemnd (VALN) 2023- 2027

§ 1 Generell instruks

Kvam valnemnd (VALN) skal følgja lov og føresegner - og så langt det høver; dei retningsliner for saksbehandling, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Kvam heradsstyre sitt reglement §§ 2, 5, 6 og 7-21 (med unntak av interpellasjonar og §§ 19 og 20).

§ 2 Arbeidsoppgåver

Hovudarbeidet til valnemnda er å førebu nyval av mellom anna nemnder, styrer, råd og utval m.m., som ikkje vert valt på konstituerande møte. Valnemnda har også ansvar for å førebu eventuelle nyval og suppleringsval gjennom heile valperioden.

Valnemnda gjev tilråding til heradsstyret i saker som omhandlar val.

§ 3 Val

1. Valnemnda skal veljast av heradsstyret i det konstituerande møtet.
2. Valnemnda skal ha 5 faste medlemmer og 4 varamedlemmer og skal veljast blant dei faste representantane i heradsstyret.
3. Varaordførar er leiar for valnemnda.
4. Valnemnda er etter kommunelova eit fast utval jamfør kommunelova § 5-7. Det inneber at valbarheitsreglane i kommunelova kapittel 7. gjeld, og at ein må så langt det let seg gjera etterleva krava til kjønnsmessig representasjon.

§ 4 Møte/ Innkalling/ sakliste

- Valnemnda skal ha møte når leiaren finn det naudsynt, eller minst 3 medlemer krev de Innkalling og utforming av sakliste til møta skal skje i tråd med kommunelova § 11-3, men representantane i valstyret må vera førebudde på hastemøte.
- Det skal førast møteprotokoll i tråd med kommunelova § 11-4. Saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på politikarportalen og innsyn.
- Valnemnda er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Avgjerder vert tekne med vanleg (simpelt) fleirtal. Ved likt røystetal har leiaren dobbeltrøyst.
- Valnemnda skal høyre alle partigrupper i heradsstyret før dei gjev tilråding
- Alle gruppeleiarar skal ha tilgang til valnemnda sine møtepapir i møteportalen.

§ 5 Arbeidsutval/ myndigheit til å treffa vedtak på vegne av valstyret

Valnemnda kan oppretta eit arbeidsutval som består av medlemmer frå valnemnda jamfør kommunelova § 5-7, 3. ledd.

§ 6 Sekretariat

Politisk sekretariat har sekretærfunksjonen for valnemnda. Sekretariatet har ansvar for at det vert ført møtebok i tråd med kommunelova § 11-4, 1. ledd. Sekretariatet hjelper møteleiar med å sjå til at prosedyrereglane for gjennomføring av møta vert følgd

